

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

hfk@hfk.no



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM
Telefon : 53 43 01 09
Telefax : 53 43 01 01
Dir. tlf. : 53 43 01 09
Mobil : 99 21 01 09
Org. nr. : 979 494 009
www.alsaker.no

Dykkar ref. : 2014/16490

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 29.12.2014

Alsaker Fjordbruk AS: Innspel - Høring av regional plan og regionalt tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016 - 2021

Innleiing

Me syner til Hordaland Vassregion sitt høringsbrev datert 30.6.2014 vedkomande «Regional plan for vannforvaltning i vannregion Hordaland, 2016 – 2021» og «Regionalt tiltaksprogram for vannregion Hordaland, 2016 – 2021».

Alsaker Fjordbruk AS har vore ein aktiv deltakar i diskusjonen om vassforvaltninga i Hordaland. Gjennom m.a. fleire temamøte og innspel til dei ulike arbeidsgruppene, har me gjort kjent våre syn i saka. Me føl også med i prosjektet Marin Overvaking Hordaland (MOH), som overvakar vassmiljø og botnhabitat i sentrale oppdrettsfjordar. Målet med prosjektet er å fanga opp meir kunnskap om kystvassressursar, noko som også aktivt kan brukast i den vidare vassforvaltninga.

Oppdrettsnæringa er positive til at planen er sektor-overgripande og skal bidra til å styra og samordna vassforvaltninga og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Som ein viktig brukar av både ferskvasskjelder og fjordvatn, er det svært viktig for næringa å ha tilgang til vasskjelder av god kvalitet.

Sølv om Alsaker Fjordbruk/oppdrettsnæringa er positive til høringsframlegga, har me fleire kommentarar og vel å presentera disse fortløpande slik dei føreligg i høringsdokumenta.

Regional plan for vassforvaltning i vassregion Hordaland 2016-2021

Ikkje avklarte problemstillingar

På side 33 er det beskrive usamde og uavklarte problemstillingar i samband med påverknad frå havbruk (lakselus og rømt oppdrettsfisk) på vill anadrom fisk.

Nærings og Fiskeridepartementet skriv i sitt høringsnotat - Melding til Stortinget om vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett med høringsfrist 1.10.2015: «Fra 2014 er overvåkingen av rømt oppdrettsfisk i elver økt betraktelig. Det er ikke like tett sammenheng mellom antall fisk i sjøen og innslaget av rømt oppdrettslaks i elvene, som sammenhengen mellom antall fisk og lusepåvirkningen på villfisk. Det er heller ingen tett sammenheng mellom hvilket område fisken rømmer fra og i hvilket område den finner en elv den svømmer opp i. Elven i Norge med kanskje den mest stabilt høyeste andelen rømt fisk er Glomma, som trolig også er den lakseelven som ligger lengst unna et lakseoppdrettsanlegg».

Næring og Fiskeridepartementet foreslo i 2013 endring av akvakulturlova, slik at den ga heimel for å pålegga merking og bruk av steril oppdrettsfisk, og etablering av ei samanslutning for å finansiera utfiskingstiltak. I tillegg er det lagt til eit nytt punkt i akvakulturlova sin § 13a. Fellesansvar for fjerning av rømte organismar. Ved hjelp av Akvakulturlova har Nærings- og Fiskeridepartementet innført eit tiltak for å førebygga genetisk interaksjon mellom oppdretta og vill laksefisk.

Med denne kunnskapen vil det vera vanskeleg for vassregion Hordaland å handtera utfordringar

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjølve
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjøn
Bruk AS

Fjordbruk
Service AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tynes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS

med rømt oppdrettsfisk i eit regionalt perspektiv. Me tykkjer vassregionen har tatt eit fornuftig standpunkt og ventar på vidare avklaring frå statelege mynde.

Når det gjeld lakselus har mynda alt sett krav om mengde lakselus i oppdrettsanlegg gjennom forskrift om nedkjemping av lakselus i akvakulturanlegg (FOR-2012-12-05-1140). Føremålet med forskrifta er å redusera førekomsten av lakselus, slik at skadeverknadane på fisk i akvakulturanlegg og i villlevande bestandar av laksefisk vert minimalisert, samt redusera og nedkjempa resistensutvikling hjå lakselus. Oppdrettsnæringa i regionen føreheld seg til og etterlever forskrifta.

Påverknader

På side 33 er det nemnt at vassregion Hordaland vil venta på vidare avklaring frå statelege mynde når det gjeld regionalplanen. I tabellen på side 35 vert det ført fram verknadar, årsak, omfang og effekt av påverknadane. Eit av punkta i tabellen omtaler «Biologisk påvirkning» og «lakselus/rømt fisk». Alsaker Fjordbruk meiner at dersom ein skal venta til statleg mynde si avklaring på spørsmålet, bør dette punktet takast ut av tabellen.

Forureining frå oppdrett (akvakultur)

På side 45 i plandokumentet er akvakulturnæringa omtalt. Me stiller oss bak kunnskapen og konklusjonen om at fjordsystema regionalt ikkje er påverka negativt av havbruksaktiviteten.

Me støttar også framføringa av korleis ein ventar på statlege mynde si avklaring rundt korleis ein skal handtera biologisk påverknad frå næringa og at ein ikkje skal inkludera lakselus og rømt oppdrettsfisk i Regionplanen.

Kritisk for villaksen og sjøauren

Plandokumentet beskriv situasjonen for villaks og sjøauren som kritisk på side 47. Det einaste som vert problematisert rundt villaks og sjøauren er eventuelle påverknad frå lakselus og rømt fisk. Dette er allereie tidlig i dokumentet er avklart at ein skal venta på statlege mynde sitt vedtak om korleis dette skal handterast.

Norges Veterinærinstituttet ved Arnfinn Aunsmo, (DVM PhD) og Randi I Krøntveit, (DVM PhD) har skrivne rapporten «Effekter av lakselus fra oppdrett på bestander av villaks -Beskrivelse av metoder brukt i studier (2013)». Her har dei sett nærmare på forskning om kva som påverkar overleving av villaks. Dei skriv m.a. i kapitlet «Nedgang i bestand av villaks og mulige faktorer»;

«Det er pekt på at overlevelsen av Atlantisk laks er redusert i hele leveområdet i Nord-Atlanteren over flere tiår (Friedland et al., 2009; Hutchinson and Mills, 2003). Mulige forklaringer på redusert marin overlevelse er mange og inkluderer global oppvarming (Friedland et al., 2005; Friedland et al., 2000), endringer i lokalisering og tilgjengelighet av byttedyr assosiert med den Nord-Atlantiske oscillerende (Friedland et al., 2009; Reid and Planque, 2003), bifangster av laks i pelagiske fiskerier, økt høsting, predasjon, habitatendringer og økt mengde lakselus (Finstad et al., 2007). Post-smolt vekst er assosiert med økt overlevelse og henger blant annet sammen med svingninger i planktonnivå over 10-årsperioder (Friedland et al., 2009). Vassdragsregulering beskrives som hovedårsak til utryddelse av laksestammer (Parrish et al., 1998), og forurensing assosiert med høy befolkningstetthet og påfølgende miljøeffekter er også beskrevet som trusselfaktorer for villaks (Parrish et al., 1998). Det har i tillegg skjedd endringer i sammensetningen av laksestammene i perioden 1983 til 2012 til en lavere andel smålaks (Anonymous, 2013). Dette gir økt tid i havet og dermed redusert marin overlevelse gitt de samme betingelsene for overlevelse i havet. Mange av de faktorene som påvirker overlevelsen av laks i havet samvarierer internt og med forhold som økt menneskelig aktivitet/ befolkningstetthet, dvs. de er konfunderende faktorer (Dohoo et al., 2009). Hvis både lakselus og global oppvarming påvirker villaksbestandene negativt og global oppvarming gir økte lusenivåer, så vil inkludering av bare lusenivået i en statistisk modell overestimere effekten av lus fordi den viser populasjonseffekten av begge. Lakselusas biologi er temperaturregulert, slik at det i tillegg vil være en interaksjon mellom lusenivå og global oppvarming. Dette eksempelet viser at vitenskapelige studier med formål om å se på sammenhengene mellom endringene i bestander av villaks og lakselus fra oppdrett vil være svært krevende. Dersom slike studier skal gjennomføres vil et godt gjennomtenkt kausal diagram være essensielt i design av studien slik at flest mulig konfunderende påvirkningsfaktorer blir registrert og inkludert i analysene. Dersom slike faktorer ikke blir kontrollert for, kan en finne statistiske

assosiasjoner som ikke er kausale og overestimere populasjonseffekter av de variablene som faktisk er inkludert. Slik kan en faktor opptre som en proxy (fellesfaktor) for flere samvarierende faktorer og bli tillagt den samlede effekten av alle disse faktorene.»

Som Aunsmo og Krontveit beskriv er det ein betydeleg kompleksitet rundt vurderingar av påverknadar på overleving av villaks. Me tykkjer det einsidige fokuset på rømt fisk og lakselus er uheldig før mynda har gjort sine konklusjonar om korleis dette skal handterast og gjer framlegg om å ta ut 2. setning i 2 avsnitt og 2., 3. og 4. setning i 4 avsnitt.

Innsjøar

I figur 13 på side 51 beskriv ein påverknadar i innsjøvassførekomstane. Eit av punkta er rømt fisk og lakselus. Dette punktet er upresist. Me skjønar at det skal vera ein ukjent påverknad frå rømt fisk, som beskrive tidligare i dokumentet. Lakselus lever og formeirar seg på laks og aure i saltvatn. Når anadrom fisk vandrar til ferskvatn gjennomgår den ein naturleg avlusningsprosess, då lakselus ikkje lever i ferskvatn. Korleis dette skal ha ukjent påverknad i innsjøar, kvar lakselusa dør på grunn av at den ikkje tåler ferskvatn, er upresist og bør endrast. Lakselus har ingen påverknad i innsjøar og registreringa av 17 innsjøvassførekomstar per 17.11.2014 som har ukjent påverknad frå lakselus, må takast vekk.

Det er vidare beskrive at innsjøvassførekomstar har moderat påverknad frå fiskeoppdrett.

Rådgivende Biologer AS har, på oppdrag frå oppdrettarane i Sævareidvassdraget, for 13. året på rad overvaka miljøtilstanden i Skogseidvatnet og Henangervatnet i sommarhalvåret 2013. Dette året vart det frå anlegga i vassdraget levert 3,2 millionar smolt. Inkludert yngelproduksjon, utgjorde dette ein samla produksjon på omlag 421 tonn, som er omtrent 100 tonn lågare enn året før. Det vart nytta 415 tonn fôr, noko som samla gjev ein førfaktor på 0,98 i 2013.

Resultata for 2013 viser at begge innsjøane igjen er vurdert til "god økologisk status" i forhold til EU sitt vassdirektiv, og særleg innhaldet av nærings salt var redusert i forhold til dei føregåande åra, med tilstand II= «god» for fosfor og I= «meget god» for nitrogen i begge innsjøane. Men også i 2013 er algemengdene høgare enn forventa, med tilstand III= «moderat» for både algemengde og klorofyll-a, medan innhaldet av blågrønalg er lågt i Henangervatnet. Begge innsjøane har eit mykje lågt innhald av organisk stoff, og dei store djupvassvoluma har ikkje særleg oksygenvinn (tabell 1).

Funn av salthaldig djuptvatn i dei nederste metrane i Henangervatnet var svært uventa. Situasjonen synes stabil sidan i alle fall 2009, og det same mønsteret vart observert både våren 2013 ved våromrøringa, samt i oktober 2013. Det er vanskeleg å forklara kvar dette stammar frå. Konsentrasjonane av tungmetall kopar og sink auka til høge nivå frå 2010 til 2012, men var i 2013 noko redusert. Innhaldet av kadmium er framleis på eit «naturleg» nivå. Ein gjennomgang av tilløpselvar til Skogseidvatnet bekrefta konklusjonen frå 2012, - at dette dreier seg om tilførsler sannsynlegvis direkte til Skogseidvatnet, sidan det i liten grad vert tilført med innløpselvane. Det er ikkje noko som tilseier at dette stammar frå oppdrettsaktivitetane i vassdraget.

Kystvatn

Figur 14 på side 52 beskriv påverknadar i kystvassførekomstar. Eitt av punkta er rømt fisk og lakselus. Dette punktet er upresist. Me har forståing for at det skal vera ein ukjent påverknad frå lakselus, i tråd me framføringane tidligare i dokumentet, der ein ventar på vedtak frå statlege mynde. Vill laksefisk formeirar seg i elv og ein ønskjer å hindra genetisk interaksjon mellom villaks og oppdrettslaks. Etter vår forståing skal den ukjente påverknaden for rømt fisk vera i elv og ikkje i kystvassførekomstar - me foreslår av den grunn at punktet rømt fisk vert teke ut.

Vassdrag

I figur 15 på side 53 vert det beskrive påverknader i elvevassførekomstar. Eitt av punkta er rømt fisk og lakselus. Dette punktet er upresist. Me skjønar at det skal vera ein ukjent påverknad frå rømt fisk, som beskrive tidligare i dokumentet. Lakselus lever og formeirar seg på laks og aure i saltvatn. Korleis dette skal ha ukjent påverknad i elvar er upresist og bør endast. Lakselus har ingen påverknad i elvevassførekomstar og er alt regulert gjennom forskrift om nedkjemping av lakselus i akvakulturanlegg (FOR-2012-12-05-1140). I vass-nett per 17.11.2014 er det registrert 65 elvevassførekomstar som er påverka av lakselus. Vår vurdering er at dette vert fjerna frå

registreringa og vert sett til null. All påverknad frå lakselus vil nødvendigvis skje i kystvatn.

Vassområde i vassregion Hordaland

Vassområde Vest

Når det gjeld auke i mengde næringsstoff syner me til Eutrofieringsrapporten frå 2011, som vart utarbeidd for Kyst og Fiskeridepartementet. Vurdering av eutrofieringssituasjonen i kystområde, med særleg fokus på Hardangerfjorden og Boknafjorden, som slår fast;

«Det er ingen tegn til at økte næringsstoffsutslipp har resultert i en eutrofiutvikling basert på OSPARs krav om 50 % økning i planteplanktonbiomasse i hverken Hardangerfjorden eller i Boknafjorden. Det ikke er funnet tegn på eutrofiering i disse to oppdrettsintensive fjordbassengene, og det er dermed lite sannsynlig å finne slik effekt andre steder der anleggene er mer eksponert, produksjonen er mindre intensiv og lokalitetene har gode strømforhold».

Når det gjeld organisk belastning og auke i mengde organisk stoff, er det eit miljømål for botnpåverknaden av matfiskanlegg at organisk stoff ikkje skal akkumulereast over tid og at påverknaden ikkje skal vera større enn at gravande botndyr kan leva under merdane.

Nordhordland Vassområde

Det er i figuren på side 100 ført fram biologiske påverknadar, som rømt fisk og lakselus frå oppdrettsanlegg. Tidlegare i dokumentet (s 33) er det beskrive at «karakterisering av vassførekomstar med påverknad fra lakselus og rømt oppdrettsfisk er satt på hald». Fram til kriteria for karakteriseringa er klar, bør framføringar av denne type takast ut av dokumentet.

Det er vidare beskrive i vass-nett.no at 6 elvar og 2 innsjøar i region Nordhordland har ukjent grad av påverknad frå lakselus. Lakselus lever ikkje i ferskvatn og tilstanden skal av den grunn settast til uvesentleg. Den eventuelle påverknaden frå lakselus vil vera i kystvatn. Lakselus i kystvatn er allereie regulert, jamfør lakselus-forskrifta.

Vassførekomst 0261030300-4-C Roslandspollen er i Vann-Nett beskrive som ein beskytta kystfjord, beskytta mot bølgeeksponering. Det er registret to påverknadskjelder i vassførekomsten:

- Utslepp frå annan punktkjelde
- Avløp frå spreidd bustadbygging m.m.

Påverknad frå fiskeoppdrett er registret å gi følgjande effekt:

- Auke i mengde næringsstoff
- Auke i mengde organiske stoff

Blant punktkjeldene er det nemnt utslepp frå settefiskanlegg. Roslandspollen ligg innerst i eit relativt lukka fjordsystem, og vassutskifting inn til Roslandspollen går gjennom Ypsesundet med grunnaste terskel under brua til lo på omlag 4 meter djupne. Roslandspollen har ei største djupne på 31 meter, og av volumet på omtrent 20 millionar m³ utgjer djupvatnet ein betydeleg del (figur 1). Den grunne terskelen hindrar utskiftinga av djupvatnet i Roslandspollen, og dette gjer at djupvatnet er stagnerande og er oksygenfattig frå naturen si side, med periodevis oksygenfrie og livlause tilhøve på botnen.

Det er utført 7 marinbiologiske undersøkingar i Roslandspollen dei siste 43 åra. I denne perioden har det også skjedd store endringar med både tilførsla og belastningane på økosystema - også med miljøtilstanden i Roslandspollen.

Miljøtilhøva i Roslandspollen sine djupaste deler er vorte betre fordi tilførsla av organisk materiale til djupvatnet er redusert, både ved nedlegging av eit fiskeoppdrettsanlegg som låg i sjøområdet, fordi det kommunale avlaupet er ført ut i Herdlefjorden på 40 m djup og fordi Salar Bruk AS reinsar sitt avløp og pt. fører slammet inn på den kommunale leidningen. Erfaringsmessig har denne type filtre ein reinsegrad på heile 60 % for suspendert tørrstoff, medan reinsegrad for næringsstoffa nitrogen og fosfor er på 20 % og 60 %. Det betyr at utsleppet er reinsa for partiklar, og at det som vert tilført resipienten er i oppløst form. Dette vert blanda med overflatevatnet i Roslandspollen,

som vert skifta ut hyppig, og påverkar i svært liten grad resipienttilhøva i djupvatnet.

Miljøtilhøva i Rosslandspollen er vorte markert endra dei siste åra etter at både tilførsla er reinsa og ført bort, og særleg ettersom ferskvatn frå Salar Bruk vert ført ned på djupet for å betra dei naturleg dårlege miljøtilhøva i djupvatnet. Her var det tidlegare naturleg stagnerande og oksygenfrie vassmassar utan vilkår for liv. Framleis er tilstanden i djupvatnet «dårleg» vurdert i forhold til klassifikasjonssystema for sjøområde med god vassutskifting til botnar, men disse systema er ikkje eigna for vurdering av slike naturlege oksygenfattige innelukka vassmassar som ein finn her.

Sunnhordland vassområde

Det er i figuren på side 116 beskrive biologiske påverknadar, som rømt fisk og lakselus frå oppdrettsanlegg. Tidlegare i dokumentet (s 33) er det beskrive at «karakterisering av vassførekomstar med påverknad fra lakselus og rømt oppdrettsfisk er satt på hald». Fram til kriteria for karakteriseringa er klar, bør framføringar av denne type takast ut av dokumentet.

Det er vidare beskrive i vann-nett.no at 12 elvar og 2 innsjøar i region Sunnhordland har ukjent grad av påverknad frå lakselus. Lakselus lever ikkje i ferskvatn og tilstanden skal av den grunn settast til uvesentleg. Den eventuelle påverknaden frå lakselus vil vera i kystvatn. Lakselus i kystvatn er allereie regulert, jamfør forskrifta som gjeld lakselus.

Når det gjeld auke i mengde næringsstoff syner me til Eutrofieringsrapporten frå 2011, som vart utarbeidd for Kyst og Fiskeridepartementet. Vurdering av eutrofieringssituasjonen i kystområder, med særleg fokus på Hardangerfjorden og Boknafjorden, som slår fast:

«Det er ingen tegn til at økte næringsstoffsutslipp har resultert i en eutrofiutvikling basert på OSPARs krav om 50 % økning i planteplanktonbiomasse i hverken Hardangerfjorden eller i Boknafjorden. Det ikke er funnet tegn på eutrofiering i disse to oppdrettsintensive fjordbassengene, og det er dermed lite sannsynlig å finne slik effekt andre steder der anleggene er mer eksponert, produksjonen er mindre intensiv og lokalitetene har gode strømforhold».

Tiltaksprogram for vassregion Hordaland

Tiltal for å nå miljømåla

I figurane på side 18, 19 og 20 er det gruppert påverknader i innsjø-, kyst og elvevassførekomstar.

Totalt er det beskrive at 28 innsjøvass-førekomstar har ukjent påverknad av rømt fisk og lakselus. Av de 28 innsjøvassførekomstane er 17 beskrive med ukjent påverknad av lakselus. Lakselus lever ikkje i ferskvatn og tilstanden skal av den grunn settast til uvesentleg. Den eventuelle påverknaden frå lakselus vil vera i kystvatn. Lakselus i kystvatn er allereie regulert i tråd med til lakselus-forskrifta.

Det er vidare beskrive at 104 elvevatn-førekomstar har ukjent påverknad av rømt fisk og lakselus. Av dei 104 elvane er 63 beskrive med ukjent påverknad av lakselus. Lakselus lever ikkje i ferskvatn og tilstanden skal av den grunn settast til uvesentleg. Den eventuelle påverknaden frå lakselus vil vera i kystvatn. Lakselus i kystvatn er allereie regulert (lakselus-forskrifta).

For kystvatn har 6 vassførekomstar vorte beskrive som å ha ukjent påverknad frå rømt oppdrettsfisk og lakselus. Me har forståing for at det skal vera ein ukjent påverknad frå lakselus, jamfør tidlegare framføringar i dokumentet, der ein ventar vedtak frå statlege mynde. Vill laksefisk formeirar seg i elv og ein ynskjer å hindra genetisk interaksjon mellom villaks og oppdrettslaks. Etter vår forståing skal den ukjente påverknaden for rømt fisk vera i elv og ikkje i kystvatn-førekomstar - me gjer framlegg om at punktet rømt fisk vert teke ut.

Tiltak i dei ulike vassområda

Det er på sidene 25-105 beskrive ulike typar påverknadar, forslag til standard miljømål, tiltak, kostnad, mynde og ansvar. For elvar og innsjøar er det hovudsakleg to påverknadstypar som er beskrive, lakselus og rømt oppdrettslaks.

I tråd med beskrivinga på side 33 i regionalplanen har ein ikkje ført fram miljømål for rømt oppdrettslaks. Likevel gjer ein framlegg om tiltak for den enkelte elv og innsjø. Det er ikkje usemje i

at uttak av rømt fisk i elvar med fare for genetisk interaksjon mellom rømt oppdrettsfisk og villfisk, vil vera eit tiltak med effekt. Det er likevel vanskeleg å skjønna at det vert føreslått tiltak for enkeltvassdrag og innsjøar utan at miljømålet er sett. Me føreslår at vassområda også tek vekk føreslåtte tiltak, fram til miljømåla er vedteke hjå overordna mynde.

Miljømål, unntak og tiltak - brukarmål

Me meiner det er fornuftig å beskriva vassførekomstane etter brukarformål og blant anna beskriva områda om dei er eigna for sjømatnæringa. For område som ikkje tilfredsstillar bestemte brukarformål, bør ein beskriva kva som skal til for å koma inn i eit nytt brukarformål.

Fjordområde med noko usikkerheit, men der havbruk ikkje er årsaka, men har/kan ha aktivitet:

Hardanger

0260040800-C Samlafjorden - Oppdrett i fjorden. Uheldig med raudfarge, men årsak er industri og landbruk

0260041000-C Eidfjorden - Ikkje fiskeoppdrett i dag, men mogleg i framtida. Utslepp frå punktkjelder med forureining av sediment

0260041400-C Granvinsfjorden - Ikkje fiskeoppdrettsanlegg. Svært få data. Kvifor risiko for å ikkje oppnå miljømål?

Nord Hordaland

0261030300-4-C Rosslandspollen - Salar Bruk er inne i Rosslandspollen. Utslepp frå anna punktkjelde i ukjent grad, Avløp frå spreidd busetnad i ukjent grad. Sink, kopar vil ein ikkje oppnå god tilstand, TON svært dårleg. Botnfauna er dårlig

Sunnhordaland

0260041700-C Onarheimsfjorden - Ikkje definert område både kjemisk og økologisk. Likevel er det sett opp med fare for at området ikkje når miljømålet. Diffuse kjelder er sett som ikkje definert påverknad. To oppdrettsanlegg og eit settefiskanlegg i området.

Konklusjon

Alsaker Fjordbruk/Havbruksnæringa, som effektivt produserer mat er avhengige av vassområde med god vasskvalitet og botntilhøve. Me meiner arbeidet i vassregion Hordaland gir eit godt grunnlag for ei kunnskapsbasert forvaltning av området.

For næringa er det viktig at lakselus vert handheva på eit nasjonalt nivå, jamfør m.a. lakselusforskrifta.

Eit nytt nasjonalt regelverk med omsyn på lakselus og framtidig vekst for næringa er også under utarbeiding.

Det er mindre samanheng mellom rømt laks i eit område og kva elvar denne fisken faktisk går til. Allereie er det kome på plass ei eiga forskrift om korleis næringa skal bidra økonomisk til å ta ut rømt fisk frå sentrale lakseelvar i Noreg. Utfordringar næringa har med rømt oppdrettsfisk må handterast på eit nasjonalt nivå og ikkje i dei regionale vassregionane.

Vensam helsing
Alsaker Fjordbruk AS


Ove Gjerde
Samfunnskontakt
ove.gjerde@fjordbruk.no